



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/530-

8. mars 2023

Spørsmål nr 1520 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål:

«Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til samferdselsministeren:

Når har samferdselsministeren tenkt å gjere noko med Norges farligaste veg, E-16 Skaret-Hønefoss i Viken?»


Svar:

Samferdselsdepartementet er kjend med statistikken over drepne og skadde personar på strekninga. Strekninga har over tid vore utsett for ulykker, og det er mellom anna etablert midtrekkverk og nedsett fartsgrense til 70 km/t på ulike delar av strekninga for å redusere risikoen for ulykker. Nullvisjonen ligg fast for alt arbeidet med trafikktryggleik i Noreg. Det er behov for fleire tiltak også på denne strekninga for å bidra til færre alvorlege ulykker som bidrag for å nå ambisjonane i Nasjonal transportplan om maksimalt 350 drepne og hardt skadde på vegane i Noreg innan 2030.

Som det går fram av Prop. 1 S 2022-2023, vil det i dei næraste åra vere mindre rom for å starte opp store investeringsprosjekt på riksveg og jernbane enn det som følgjer av Nasjonal transportplan 2022–2033. Fellesprosjektet E16 og Ringeriksbanen er prioritert i gjeldande NTP. Samstundes er det eit svært kostbart prosjekt som vil krevje betydelege statlege budsjettmidlar i gjennomføringsfasen av prosjektet. I budsjettforliket mellom regjeringspartia og SV om statsbudsjettet for 2023 vart det einigheit om at E16 Skaret – Høgstet – Hønefoss vert vidareført som eit fellesprosjekt, og at vidare framdrift blir vurdert i samband

med Nasjonal transportplan (NTP) 2025–2036. Eg vil kome nærare tilbake til framdrifta i prosjektet i samband med at den nye transportplanen leggast fram for Stortinget neste år.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, reading "Jon-Ivar Nygård". The signature is written in a cursive, slightly slanted style.

Jon-Ivar Nygård